


VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGANE I FUSA KOMMUNE

Gjeldande frå 01.01.13

Justert 20.01.2016 i samsvar med vedtak i KOM-sak 003/13



1. Mål

Skulefritidsordningane skal vere eit omsorgs- og fritidstilbod før og etter skuletid for elevar på 1. – 4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1. – 7. årstrinn.

Innhald og organisering skal pregast av borna sin leik, kulturaktivitetar og sosial læring.

SFO skal drivast etter Opplæringslova § 13-7; Skulefritidsordninga, sentrale og kommunale føringar, kommunale vedtekter og planar på den einskilde skule.

Det skal lagast ein årsplan for SFO. Denne planen inngår som ein del av skulen eller oppvekstsenteret sin årsplan.

Målet er at kvar skule skal ha eit SFO-tilbod tilpassa brukarane sitt behov, under føresetnad av at det er nok påmelding til å ha ei økonomisk og pedagogisk forsvarleg drift. For at drift skal iverksetjast og oppretthaldast gjennom skuleåret på den einskilde skule, må det vera 8 påmelde til ei kvar tid. Dersom det er stor skilnad frå dag til dag, kan ein rekna eit snitt på 8 pr. veke. Tilbodet kan verta avvikla i løpet av skuleåret dersom elevtalet kjem under denne grensa, sjå vedtektene pkt. 5 c.

Mynde til å avvikle drifta i løpet av skuleåret ligg hos rådmannen.

Dersom det ikkje er SFO-tilbod ved den skulen barnet er elev, kan det søkjast plass ved SFO-ordninga ved ein annan skule dersom det er praktisk mogeleg. Eventuelle meirkostnader til reise må dekkjast av foreldra.

2. Eigartilhøve.

SFO-ordningane ved skulane/barnehagane i Fusa kommune er eigde av Fusa kommune.

Driftsutvalet er politisk ansvarleg for drifta, rådmannen har eit overordna ansvar for administrativ styring og utvikling.

På den einskilde skule er rektor ansvarleg for forvaltning og pedagogisk drift. SFO skal vere ein del av skulen sitt samla tilbod til brukarane. SFO skal samordnast med skuledrifta elles; organisatorisk, planmessig og i høve til personalet.

Leiar i SFO er ein del av leiinga på skulen og skal jamleg ha møte med rektor og/eller delta på personalmøte på skulen.

3. Opningstid

Som utgangspunkt vil SFO vere eit tilbod frå kl. 07.30 og fram til skulestart og frå skuleslutt til kl. 16.30. Opningstida i SFO vert tilpassa den enkelte skule og korleis påmeldinga er. Deler av, eller heile tilbodet kan avviklast dersom påmeldinga vert for liten.

Tilbodet i SFO følgjer skuleruta. I haustferien, vinterferien, første og siste veka i sommarferien vert det gitt tilbod om SFO for alle skulane ved Fusa oppvekstsenter. Det vert eiga påmelding til dette. Det må betalast for tilbodet i tillegg til vanleg foreldrebetalning. Dette tilbodet kan søkjast av alle, også dei elevane som ikkje har plass i SFO til vanleg.

4. Opptak

Hovudopptaket har søknadsfrist 1. mars. Tildelt plass gjeld for eit skuleår om gongen, slik at det må søkjast på nytt kvart år. I utgangspunktet ønskjer ein å gje plass til alle som søkjer, men tilhøve kan gjere at det ikkje er mogeleg. Rektor gjer då opptak etter følgjande kriterium:

- a) Elevar med særleg trong for SFO-tilbod etter sakkunnig vurdering. Dette gjeld og elevar opp til 12 år med funksjonshemming.
- b) Elevar i 1. klasse går føre eldre elevar.
- c) Elevar i 2. klasse går føre elevar i 3. og 4. klasse, elevar i 3. klasse går føre elevar i 4. klasse.
- d) Elevar i 5. klasse kan få plass dersom det er ledig kapasitet

I høve til pkt. 4 a-d er søkjarar frå skular utan SFO likestilt med skulen sine egne elevar:

Dei som søkjer utanom hovudopptaket, vil få tildelt plass så langt det er mogeleg ut frå praktiske og økonomiske tilhøve.

Dersom det er ledig kapasitet ved SFO-ordninga, er det høve til å kjøpa dagar eller deler av dagar etter søknad til den einskilde SFO. Dette tilbodet gjeld alle elevar i 1.-4. klasse, både dei som har tilbod i SFO og dei som ikkje har det. Prisane vert fastsette av kommunestyret. Kjøp av enkeltdagar kan ikkje nyttast i ei utstrekning som gjer at det vert eit alternativ til fast plass eller utviding av tildelt plass.

5. Oppseiing av plass

- a) Føresette kan sei opp plassen skriftleg med 1 månads varsel rekna frå den 1. i påfølgjande måned. Sluttar barnet etter **1. mars** er regelen at det skal svarast betaling for resten av skuleåret. I praksis vil det bety at dersom eit barn skal slutta på SFO 1.mars, må denne plassen vera sagt opp seinast 31.januar.
- b) Kommunen kan sei opp plassen til barn ved manglande betaling med 1. månads varsel etter same reglar som pkt. 5a.
- c) Dersom deltakinga på SFO kjem under 8 barn, kan tilbodet delvis eller heilt seiast opp med 1 månaders varsel frå kommunen si side. Oppseiinga gjeld då ut skuleåret. Rådmannen tek avgjer i saka.

6. Foreldrebetaling

Satsane for foreldrebetaling vert fastsette av kommunestyret og er lik for alle SFO-tilboda i kommunen. Skulefritidsordninga skal finansiert gjennom sjølvkostprinsippet. Fastsetjing av foreldrebetalingssatsane vert gjort årleg i budsjettprosessen.

- a) Foreldrebetalinga gjeld frå den dagen plassen er tildelt. Betaling skal skje forskotsvis, med betaling 11 mnd. i året. I august og juni er det ½ betaling.
- b) Det er to satsar for plass i SFO. Foreldra kan søkja om 60 % plass eller 100 % plass i SFO. Det vert gjeve 25 % søskenmoderasjon frå og med barn nr. 2 i ein familie.

- c) Ved den einskilde SFO-ordninga kan det betalast matpengar som skal brukast til fellesmåltid. Det skal førast rekneskap over innbetaling / utgifter som skal vere tilgjengeleg for foreldra og oppvekst- og kulturetaten.
- d) Dersom leksehjelp vert organisert innanfor opningstida i SFO, skal desse timane trekkjast ifrå når ein bereknar opphaldstida for det enkelte barnet. Dette gjeld barn som går på SFO og deltek på leksehjelp.
- e) Ved kjøp av enkeltdagar vert det sendt ut rekning etterskotsvis.
- f) Satsane for ordinær plass i SFO og prisen for enkeltdagar vert fastsett i samband med avgiftsbudsjett / fastsetjing av foreldrebetaling.
- g) Dersom elevar vert henta etter stengetid, vert foreldra ilagt eit gebyr. Storleiken på gebyret vert vedtatt i samband med avgiftsbudsjett/fastsetjing av foreldrebetaling. Dersom det føreligg særskilde årsaker til at eleven vert henta for seint, kan rektor vurdere om krav skal fremjast.

7. Personale

Leiar ved SFO skal helst vera utdanna førskulelærar, men barnevernspedagog og annan relevant utdanning vil bli vurdert ved tilsetjing. Ved tilsetjing av anna personale kan fagleg kompetanse som til dømes fagarbeidar i barne- og ungdomsarbeiderfaget verta vurdert. Personalet i SFO vert tilsett på kommunale vilkår.

Utgangspunkt for bemanning ved SFO-ordningane i Fusa kommune er:

Opp til 14 born:	1 vaksen
15 – 21 born:	1 ½ vaksen
22 – 28 born:	2 vaksne
29 – 35 born:	2 ½ vaksne
35 – 42 born:	3 vaksne

Norma kan fråvikast ut frå lokale tilhøve som gruppesamansetjing, barn med særskilde behov, aktivitetsformer og alder på barna. Auke i talet på brukarar i løpet av skuleåret utløyser ikkje automatisk auke i personalressursen. Talet på vaksne må vurderast nøye dersom fleire born seier opp i løpet av skuleåret. Endringar i personalressursen skal gjerast i samråd med rådmannen.

8. Leike- og opphaldsareal.

Det er ikkje fastsett noko norm for areal til SFO, men skulane skal leggje til rette for bruk av nok areal, ute og inne, til at borna kan få eit tilfredsstillande tilbod. Det skal leggjast til rette for allsidige aktivitetar som sikrar gode utviklingsmoglegheiter.

9. Internkontroll

Skulefritidsordninga er ein del av skuletilbodet og såleis underlagt internkontrollsystemet ved den einskilde skulen.